



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2018 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 977 024 056
Organisasjonsform: Aksjeselskap
Foretaksnavn: KJØSNESFJORDEN KRAFTVERK AS
Forretningsadresse: c/o Sunnfjord Energi AS
Firdavegen 5
6800 FØRDE

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2018 - 31.12.2018

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Ingvar Byrkjeland
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 09.05.2019

Grunnlag for avgivelse

År 2018: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2017: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2018

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 14.06.2021



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2018	2017
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salgsinntekt		183 181 971	90 470 993
Sum inntekter		183 181 971	90 470 993
Kostnader			
Varekostnad		13 908 655	9 263 465
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4	15 826 037	15 880 000
Nedskrivning av varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	4	-16 574 000	-48 178 000
Annen driftskostnad	2	9 038 403	8 613 244
Sum kostnader		22 199 094	-14 421 291
Driftsresultat		160 982 877	104 892 284
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		637 790	159 433
Annen finansinntekt	7	82 867	79 860
Sum finansinntekter		720 657	239 293
Rentekostnad til føretak i same konsern			390 855
Annan rentekostnad		15 297	394 232
Annen finanskostnad	7	18 763 765	13 560 185
Sum finanskostnader		18 779 062	14 345 272
Netto finans		-18 058 406	-14 105 979
Ordinært resultat før skattekostnad		142 924 471	90 786 305
Skattekostnad på ordinært resultat	6	86 692 092	55 854 378
Ordinært resultat etter skattekostnad		56 232 379	34 931 927
Årsresultat		56 232 379	34 931 927
Årsresultat etter minoritetsinteresser		56 232 379	34 931 927
Totalresultat		56 232 379	34 931 927



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2018	2017
Overføringer og disponeringar			
Utbytte		62 000 000	
Udekt tap			34 931 927
Overføringer til/fra annen egenkapital		-5 767 621	
Sum overføringer og disponeringar		56 232 379	34 931 927



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2018	2017
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Konsesjoner, patenter, lisenser, varemerker og lignende rettigheter	7	76 391 000	76 391 000
Utsett skattefordel	6		2 563 681
Sum immaterielle egedelar		76 391 000	78 954 681
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	4		
Maskiner og anlegg	4	745 539 324	743 622 898
Skip, rigger, fly og lignende	4	20 859 133	21 645 133
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lignende	4		
Sum varige driftsmiddel		766 398 457	765 268 031
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringer i aksjer og andeler		30 000	30 000
Sum finansielle anleggsmiddel		30 000	30 000
Sum anleggsmiddel		842 819 457	844 252 712
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Kundefordringer	5	127 267 568	38 532 950
Andre fordringer	5	33 056 238	10 927 063
Sum krav		160 323 806	49 460 013
Andre finansielle instrumenter	7		
Bankinnskott, kontantar og liknande			
Bankinnskudd, kontanter og lignende		19 168 094	1 254 818
Sum bankinnskott, kontantar og liknande		19 168 094	1 254 818
Sum omløpsmiddel		179 491 900	50 714 831



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2018	2017
SUM EIGEDLAR		1 022 311 357	894 967 544
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital	3	76 129 690	761 296 900
Annan innskoten eigenkapital		623 167 210	
Sum innskoten eigenkapital		699 296 900	761 296 900
Opptent eigenkapital			
Annen egenkapital			
Udekt tap	8	-62 914 534	-6 682 155
Sum opptent eigenkapital		62 914 534	6 682 155
Sum eigenkapital		762 211 434	767 979 055
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Utsett skatt	6	15 675 955	12 124 806
Andre avsetninger for forpliktelser	7	98 789 585	86 558 013
Sum avsetjinger for plikter		114 465 540	98 682 819
Anna langsiktig gjeld			
Sum langsiktig gjeld		114 465 540	98 682 819
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	5	986 128	956 608
Betalbar skatt	6	71 159 454	21 232 927
Skyldige offentlige avgifter		4 839 426	3 130 146
Utbytte		62 000 000	
Annen kortsiktig gjeld	5	6 649 376	2 985 988
Sum kortsiktig gjeld		145 634 384	28 305 670
Sum gjeld		260 099 924	126 988 489
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		1 022 311 357	894 967 543



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2018	2017
---------------------	-------------	-------------	-------------



Årsrekneskap 2018

Kjøsnesfjorden Kraftverk AS

Årsmelding
Resultatregnskap
Balanse
Notar
Kontantstrømoppstilling
Revisjonsmelding

Org.nr.: 977 024 056



Årsmelding Kjøsnesfjorden Kraftverk AS 2018

ÅRSMELDING FRÅ STYRET

OM KJØSNESFJORDEN KRAFTVERK AS

Kjøsnesfjorden Kraftverk AS fekk i 2004 konsesjon til å bygge ut og drive Kjøsnesfjorden Kraftverk i Jøster kommune. Kraftverket stod ferdig til drift sommaren 2010.

Selskapet er dotter i konsernet Sunnfjord Energi og har forretningsadresse i Førde. Selskapet blir drive av morselskapet gjennom ein driftsavtale.

Kjøsnesfjorden Kraftverk AS er eigd av Sunnfjord Energi AS 78,5 % og BKK Produksjon AS 21,5 %.


HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK

Det er i løpet av året rapportert inn to avvik, og desse er handtert i samsvar med etablerte rutinar. Det har ikkje vore personskadar eller andre alvorlege hendingar eller situasjonar i løpet av året som har kravd etablering av beredskapsorganisasjon.

Selskapet har etablert system for handtering av kjemikaliar. Det har ikkje vore utslipp til miljø eller brot på manøvreringsregelement i perioden.

PRODUKSJON

Kjøsnesfjorden Kraftverk hadde ein årsproduksjon på 279 GWh i 2018. Magasinbeholdninga ved inngongen til året var 36 GWh og ved utgangen 40 GWh. Det gjev eit netto tilsig i året på om lag 283 GWh. I 2017 var årsproduksjonen 255 GWh.



DRIFT

KK har hatt stabil god drift i 2018, utan større driftsproblem.

Drift har gjennomført veker-, månads-, kvartals-, halvårlege- og årleg kontroll med utgangspunkt i vedlikehaldsprogrammet Jobtech.


Løpehjulskontroll vart gjennomført i slutten av april. Steinskadane på løpehjul og nålespissar vart slipt og pussa over.

Inspeksjon lukehus, dam og bekkar vart gjennomført i august/september. Utspyling av massar på bekk 1, bekk 2 og bekk 10. Erfaring viser no at desse tre bekkane må takast årleg. Alle lukene på bekkane vart testa og smurt opp. Lekkasje målingar vart sjekka ut og VTA fekk gjort stabilitetsmålingar på dam.

Den ned-rasa gangbana inn til Bekk 2 vart utbetra i juli/august. Den vart erstatta med ei solid støypt gangbane. Lukehuset vart beisa 2 strøk i juni månad.

Side | 2

Magasinfylling Trollavatnet



ADMINISTRASJON OG FINANS

Rekneskapan for 2018 er gjort opp med eit årsresultat på 56,2 mnok mot 34,9 mnok i 2017. 2018 har vore eit godt produksjonsår med produksjon på 278 562 MWh, som er 9 % auke frå 2017. Kraft- og elsertifikatprisane har vore svært gode og Kjosnesfjorden oppnådde 482 kr per MWh. Tilsvarande for 2017 var 293 kr per MWh. God produksjon og høge prisar har medført auke i driftsinntektene frå 90,5 mnok til 183,2 mnok. Av denne inntekta utgjer inntekt frå elsertifikat 47,8 mnok, som er ei tredobling frå 14,7 mnok i 2017. Disse faktorane er årsaka til at resultatet for 2018 vart mykje betre enn det ein forventa når ein fastsette årsrekneskapan for 2017.

Selskapet sin finansielle risiko er i stor grad knytt til utvikling i kraft- og elsertifikatprisar. Selskapet har ikkje langsiktige lån, og er difor ikkje eksponert for renteendringar på finansiering. Ein vurderer og så risiko for fall av kraftproduksjon er låg som følge av at handel og oppgjør skjer gjennom regulert børs. Høgare forventede framtidig kraftpris aukar estimert framtidig plikt til å betale fallrettsvederlag frå 86,6 mnok ved utgangen av 2017 til 98,8 mnok ved utgangen av 2018. Vurdering av framtidige plikter er basert på prisutvikling på finansielle kontraktar på Kraftbørsen, rapport frå analysemljå avlest rente per 31.12. og kredittreppontar frå finansforretning.

Høgare forventede framtidig kraftpris påverkar også vurderinga av verkeleg verdi på driftsmidlane i kraftverket. I vurdering av eigedelane har ein nytta børskurs del første 6 låra og deretter prisbaner frå analysemljå. Vurderinga som er gjennomført per 31.12.2018 viser at verkeleg verdi for eigedelane var høgare enn bokført verdi og det er difor gjennomført ei reversering av resten av tidlegare års nedskrivning på om lag 16,6 mnok i årsrekneskapan for 2018.

Selskapet har høg grad av eigenkapitalfinansiering med ein EK-andel på om lag 75 % per 31.12.2018. Det vart i 2018 vedtåke å sette ned aksjekapitalen med 685 mnok med overføring til annan innskoten eigenkapital som skal brukast etter generalforsamlinga si avgjerd. Styret foreslår at årsresultatet på kr 56.232.379 blir overført til annan eigenkapital og at kr 62.000.000 blir avsett til utbytte. Avsetning til utbytte blir dekkja inn ved overføring frå Annan innskoten eigenkapital med kr 62.000.000.

Netto endring i likvidar er positiv med 17,9 millionar kroner. Sum tilført frå verksemda i perioden er positiv med 18,3 mnok. Det er gjort investeringar i varige driftsmidlar i driftsåret på omlag 0,4 mnok. Selskapet vurderer likviditetsposisjonen framover som tilfredsstillande.

Selskapet blir drifta og administrert via morselskapet gjennom driftsavtale. Selskapet har ingen tilsette. Styret består av 3 menn.

Rekneskapan er sett opp under føresetnad om vidare drift.

FRAMTIDSUTSIKTER

Selskapet er usett for prisrisiko på kraft, men periodar med lågare prisar er ofte knytt til mykje tilslag i kraftsystemet. Slik er det ein korrelasjon mellom pris og produksjon som delvis kan kompensere lågare prisar med høgare volum.

Sertifikatmarknaden er prega av stor usikkerheit, men ein observerer framleis relativt høge elsertifikatprisar i starten av 2019. Kraftprisforventningane for 2019 er lågare enn realisert pris for 2018, men dei er framleis på eit høgt nivå. Styret vurderer det slik at inntektene i 2019 vil kunne bli lågare enn 2018 gitt same produksjon som i 2018 og lågare prisar i 2019.

Førde, 14.3.2019

Ingvær Byrkjeland
Styrelidar

Erik Spillo
Styremedlem

Erlend Tomren Sanden
Styremedlem

Kjell Johnny Kvamme
Dagleg leiar



Resultatrekneskap			
Kjøsnesfjorden Kraftverk AS			
Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2018	2017
Salsinntekt		183 181 971	90 470 993
Sum driftsinntekter		<u>183 181 971</u>	<u>90 470 993</u>
Varekostnad		13 908 655	9 263 465
Avskrivning på driftsmiddel og immaterielle egedelar	4	15 826 037	15 880 000
Nedskrivning på driftsmiddel og immaterielle egedelar	4	-16 574 000	-48 178 000
Annan driftskostnad	2	9 038 403	8 613 244
Sum driftskostnader		<u>22 199 094</u>	<u>-14 421 291</u>
Driftsresultat		<u>160 982 877</u>	<u>104 892 284</u>
Rente- og finansinntekter			
Anna renteinntekt		637 790	159 433
Anna finansinntekt	7	82 867	79 860
Rente- og finanskostnader			
Rentekostnad til føretak i same konsern		0	390 855
Annan rentekostnad		15 297	394 232
Annan finanskostnad	7	18 763 765	13 560 185
Resultat av finansposter		<u>-18 058 406</u>	<u>-14 105 979</u>
Ordinært resultat før skattekostnad		142 924 471	90 786 305
Skattekostnad på ordinært resultat	6	86 692 092	55 854 378
Ordinært resultat		<u>56 232 379</u>	<u>34 931 927</u>
Årsresultat		<u>56 232 379</u>	<u>34 931 927</u>
Overføring			
Avsett til dekning av tidligere udekket tap		0	34 931 927
Avsett til utbytte		62 000 000	0
Avsett til annen egenkapital		56 232 379	0
Overfrå frå annan innskoten egenkapital		-62 000 000	0
Sum overføringer		<u>-56 232 379</u>	<u>-34 931 927</u>



Balanse

Kjøsnesfjorden Kraftverk AS

Eigedelar	Note	2018	2017
Anleggsmiddel			
Immaterielle eigedelar			
Fallrettar	7	76 391 000	76 391 000
Utsett skattefordel	6	0	2 563 681
Sum immaterielle eigedelar		<u>76 391 000</u>	<u>78 954 681</u>
Varige driftsmiddel			
Kraftstasjon	4	745 539 324	743 622 898
Linje	4	20 859 133	21 645 133
Sum varige driftsmiddel		<u>766 398 457</u>	<u>765 268 031</u>
Investeringar i aksjar og partar		30 000	30 000
Sum finansielle anleggsmiddel		<u>30 000</u>	<u>30 000</u>
Sum anleggsmiddel		<u>842 819 457</u>	<u>844 252 712</u>
Omløpsmiddel			
Krav			
Kundekrav	5	127 267 568	38 532 950
Andre kortsiktige krav	5	33 056 238	10 927 063
Sum krav		<u>160 323 806</u>	<u>49 460 013</u>
Bankinnskott, kontantar og liknande		19 168 094	1 254 818
Sum omløpsmiddel		<u>179 491 900</u>	<u>50 714 831</u>
Sum eigedelar		<u>1 022 311 357</u>	<u>894 967 544</u>



Årsmelding Kjosnesfjorden Kraftverk AS 2018


Balanse


Kjosnesfjorden Kraftverk AS

Eigenkapital og gjeld	Note	2018	2017
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	3	761 296 900	761 296 900
Kapitalnedsettelse ikkje registrert		-685 167 210	0
Annan innskoten eigenkapital		623 167 210	0
Sum innskoten eigenkapital		<u>699 296 900</u>	<u>761 296 900</u>
Opptent eigenkapital			
Annan Eigenkapital	8	62 914 534	6 682 155
Sum opptent eigenkapital		<u>62 914 534</u>	<u>6 682 155</u>
Sum eigenkapital		<u>762 211 434</u>	<u>767 979 055</u>
Gjeld			
Avsetjing til plikter			
Utsett skatt	6	15 675 955	12 124 806
Andre avsetjingar for plikter	7	98 789 585	86 558 013
Sum avsetjing for plikter		<u>114 465 540</u>	<u>98 682 819</u>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	5	986 128	956 608
Betalbar skatt	6	71 159 454	21 232 927
Skyldige offentlege avgifter		4 839 426	3 130 146
Utbytte		62 000 000	0
Anna kortsiktig gjeld	5	6 649 376	2 985 988
Sum kortsiktig gjeld		<u>145 634 384</u>	<u>28 305 670</u>
Sum gjeld		<u>260 099 924</u>	<u>126 988 489</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>1 022 311 357</u>	<u>894 967 543</u>

Førde

Styret i Kjosnesfjorden Kraftverk AS, 14.3.2019


Ingvar Byrkjeland
styreleiar


Erik Spildo
Styremedlem


Erlend Tomren Sanden
styremedlem


Kjell Johnny Kvamme
dagleg leiar



Kjøsnesfjorden Kraftverk AS

Notar til rekneskapen 2018

Beløp i kr

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapsskikk i Norge.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedeier bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eitt år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffelseskost, med frådrag for planmessige avskrivningar. Dersom gjenvinnbart beløp av anleggsmidlar er lågare enn bokført verdi, og verdifallet er venta å ikkje vere forbigåande, er det føreteke nedskrivning til gjenvinnbart beløp. Anleggsmidlar med begrensa økonomisk levetid vert avskrevne planmessig.

Utgifter vedkomande eigentilverka anleggsmidlar blir presentert som anlegg under utføring fram til det blir ferdigstilt. Alle utgifter, herunder finansieringsutgifter, som kan henførast direkte til prosjektet, vert balanseført.

Omløpsmidlar vert vurdert til det lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi.

Anskaffelseskost / forpliktelse årleg vederlag fallrettar

Gjennom avtale med grunneigarane har selskapet sikra seg ein evigvarande rett til utnytting av det aktuelle fallet. Som godtgjersle for fallrettane, skal grunneigarane - i tillegg til avtalte eingongsbeløp - ha utbetalt årlege beløp i 40 år frå 2010. Storleiken på beløpa vil avhenge av kraftpris og produksjon.

Det vert berekna ein noverdi av dei årlege utbetalingane ved byrjinga av perioden, som uttrykk for anskaffelseskost. Noverdien vert balanseført som immaterielle eigedeler og som langsiktig gjeld til grunneigarane. Balanseført eigedel blir ikkje avskriven.

Endring av forpliktelse gjennom året består av eit renteledd, avdrag og estimatavvik. Estimataviket kjem fram ved å samanlikne verdi etter justering av føresetnader om rente, prisbaner og eventuelt produksjon i slutten av året, med verdi basert på føresetnader nytta i starten av perioden. Det årlege estimatavviket med renter vert utgiftsført som finanskostnad og balanseført som gjeld.

Kostnader og inntekter

Kostnader vert som hovedregel rekneskapsført i same periode som tilhøyrande inntekt. I dei tilfelle det ikkje er ein klår samanheng mellom utgifter og inntekter, vert fordelinga fastsett etter skjønsmessige kriterier. Øvrige unntak frå samanstillingsprinsippet er oppgjeve der det er aktuelt.

Som hovudregel er inntekter ført på det året dei er opptent.

Salsinntektene i selskapet er i all hovudsak engrossal over børs (Nord Pool ASA). Selskapet har også inntekter på sal av konsesjonskraft. Frå 2016 har selskapet blitt tildelt elsertifikat på heile årsproduksjonen. Selskapet vil motta elsertifikat til juni 2029.

Skattar

Selskapet sin skattekostnad omfattar betalbar skatt (overskotsskatt), grunnrenteskatt, naturressursskatt, samt endring i utsett skatt knytt til allmenn inntekt og grunnrenteinntekt. Utsett skatt og eventuell utsett skattefordel for allmenn inntekt og grunnrenteinntekt er presentert kvar for seg i balansen. Særskilde skattar knytt til kraftproduksjon er naturressursskatt og grunnrenteskatt.

Naturressursskatt til kommune og fylkeskommune blir fastsett med grunnlag i eit gjennomsnitt av kraftverket sin produksjon i likningsåret, og dei føregåande 6 åra. Skatten blir samordna med overskotsskatten slik at naturressursskatt som overstig overskotsskatten er ein forskotsbetalt skatt som blir framført med renter.

Grunnrenteskatt til staten blir fastsett ut frå skattemessig driftsresultat for det einskilde kraftverket minus ei utrekna friinntekt. Friinntekt for kapitalkostnader blir trekt i frå skattegrunnlaget for å skjerme risikofri avkastning frå grunnrentebeskatning. Overskot som utnytting av naturressursen gjev, ut over risikofri avkastning, blir skattlagt. Skattekostnaden for grunnrente består av betalbar skatt og endring i utsett skatt. I utsett skatt blir det teke omsyn til: Midlertidige forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdier for kraftverk, akkumulerte negative grunnrenteinntekter



Note 1 Rekneskapsprinsipp forts.

Skattar forts.

Den delen av den akkumulerte negative grunnrenteinntekta som ut frå dei mest sannsynlige føresetnadene kan nyttast innanfor ein 10 års periode blir aktivert med nominell sats 37 %.

Eigedomsskatt er ein overskotsuavhengig skatt, og blir utrekna på grunnlag av eigedomsskattetakstar for nettanlegg, eigedomar og kraftstasjonar. Skatten utgjer maksimalt 0,7% av desse takstane. Eigedomsskatt er i rekneskapan klassifisert som driftskostnad.

Fallrettseigedel

Fallrettseigedel blir presentert i balansen som ein bruttosum.

Magasinbeholdningar

Magasinbeholdningar vert ikkje balanseført, og endring i magasinbeholdning er tilsvarande ikkje resultatført. Magasinbeholdninga pr 31.12.2018 er på 40 GWh, tilsvarande 66,7 % av magasin kapasitet.

Bruk av estimat

For fastsetting av storleikar med usikkert utfall er det nytta beste estimat på bakgrunn av tilgjengeleg informasjon på tidspunktet for avlegging av rekneskapan. Dette gjeld særleg for utsett skattefordel, avskrivningar, verdi av immaterielle eigedelar/varige driftsmidler og avsetningar for plikter.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstilling er utarbeidd med basis i den indirekte metode. Vi tek utgangspunkt i resultat før skatt og presenterer kontantstraumar frå ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd i året.

Note 2 Antal tilsette, lønskostnad, godtgjersler, lån til tilsette mm

Selskapet har ikkje hatt tilsette i løpet av året, og det er ikkje utbetalt løn. Dagleg leiar er tilsett i Sunnfjord Energi AS, og får si løn utbetalt der. Selskapet kjøper administrative tenester frå Sunnfjord Energi AS

	2018	2017
Styrehonorar	106 150	62 501
Revisjonshonorar lovpålagd revisjon	87 000	97 000
Andre tenester frå revisor	-	-
Skatterådgjeving	-	-

Selskapet er ikkje pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Styrehonorar blir utbetalt til Sunnfjord Energi AS og BKK Produksjon AS der styremedlemmene er tilsett.

Note 3 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen i selskapet pr 31.12 består av følgjande aksjeklasser:

	Antal	Pålydande verdi	Bokført verdi
A-aksjar	7 612 969	100	761 296 900
Sum	7 612 969		761 296 900

Eigarstruktur

Aksjonærene i selskapet pr 31.12 :

	A-aksjar	Eigarandel	Stemmeandel
Sunnfjord Energi AS	5 975 768	78,5 %	78,5 %
BKK Produksjon AS	1 637 201	21,5 %	21,5 %
Totalt	7 612 969	100 %	100 %

Note 4 Varige driftsmidler

	Kraftstasjon	Anlegg i arbeid	Linje	Sum
Anskaffelseskost 01.01	874 467 786	97 574	27 540 133	902 105 493
Tilgang	480 036	-97 574	-	382 462
Anskaffelseskost 31.12	874 947 822	-	27 540 133	902 487 955
Akkumulerte avskrivningar	-129 408 496	-	-6 681 000	-136 089 496
Bokført verdi 31.12	745 539 326	-	20 859 133	766 398 459

Årets avskrivningar	15 040 037		786 000	15 826 037
Årets reversering av tidl ned	16 574 000			16 574 000
<i>Avskrivningstid</i>	25-75 år		35 år	



Note 4 Varige driftsmidler forts.

Det er gjort vurdering av virkelig verdi på driftsmidlene i forbindelse med avlegging av årsregnskapet for 2018.

Vurderinga er basert på prisar frå Nordpool første 5 år, deretter prisar frå analysemiljø.

Kostnader i analysen er forventa driftsutgifter og forventa reinvesteringar.

Tidshorisonten er 60 år, med terminalverdberegning ved utløpet av perioden. Diskontering nytta i berekninga er basert på rente for vegd avkastningskrav (wacc)

Basert på gjennomført verddivurdering er det gjennomført reversering av tidligere nedskrivning av anleggsmidlene med om lag 16,7 mnok i 2018.

Aktiverte renteutgifter (inkludert i verdier i noten)

Anskaffelseskost 01.01	93 045 739
Akkumulerte avskrivningar	15 830 000
Bokført verdi 31.12	77 215 739

Note 5 Mellomverande med selskap i same konsern m.v.

	Kundefordringar		Andre fordringar	
	2018	2017	2018	2017
Føretak i same konsern	127 267 568	38 532 950	23 711 686	165 728
Sum	127 267 568	38 532 950	23 711 686	165 728

	Leverandørgjeld		Øvrig langsiktig gjeld	
	2018	2017	2018	2017
Føretak i same konsern	87 121	96 140	-	-
Sum	87 121	96 140	-	-

Note 6 Skattekostnad

Årets skattekostnad framkjem slik:	2018	2017
Betalbar overskotskatt	32 202 320	6 410 063
Endring utsett grunnrenteskatt	6 073 150	16 499 749
Betalbar grunnrenteskatt	48 374 942	18 093 215
Korreksjon grunnrenteskatt tidligere år		
Endring i utsett skatt	41 680	14 851 351
Skattekostnad ordinært resultat	86 692 092	55 854 378

Spesifikasjon av grunnrenteskatt

Taksert bruttoinntekt	172 773 261	84 888 399
Skattemessige driftskostnader inkl. avskrivningar	32 401 118	29 300 853
Friinntekt	4 868 104	2 837 648
Årets grunnrenteinntekt	135 504 039	52 749 898
Framført negativ grunnrenteinntekt	-	-
Grunnlag betalbar grunnrenteskatt	135 504 039	52 749 898
A) Betalbar grunnrenteskatt (35,7/34,3 %)	48 374 942	18 093 215

Endring skatt av midlertidige forskjellar (35,7/34,3 %)

B) Endring utsett skatt	6 073 150	16 499 749
A+ B = Sum kostnad grunnrenteskatt	54 448 092	34 592 964

Spesifikasjon av midlertidige forskjellar

Driftsmidler	9 485 050	-7 181 182
Finansielle instrument	-	-
Fallrettar noverdi årleg utbetaling	67 391 000	67 391 000
Aktiverte rentekostnader	77 215 739	79 064 739
Fallrettfpliktelse årleg utbetaling	-98 789 585	-86 558 013
Underskot til framføring	-	-
Sum	55 302 204	52 716 544

Balanseført utsett skatt/utsatt skattefordel alminneleg inntekt (22/23 %)	-12 166 485	-12 124 805
Balanseført utsett skattefordel grunnrenteskatt (37/35,7 %)	-3 509 471	2 563 682
Sum	-15 675 955	-9 561 123



Note 6 Skattekostnad forts.

Effekt på årets skattekostnad av endra skattesats for kommande inntektsår	2018	2017
Balansført utsett skatt/utsatt skattefordel alminnelig inntekt (23/24 %)	-12 719 507	-12 651 971
Balansført utsett skattefordel grunnrente (35,7/34,3%)	-3 386 163	2 463 145
Sum	-16 105 670	-10 188 825
	-429 714	-627 702

Frå inntektsåret 2019 er skattesatsen på alminneleg inntekt redusert til 22 %. Skattesats for grunnrente er økt til 37 %. Ved avlegging av årsregnskapet skal en for utsatt skatt benytte den skattesatsen som er vedtatt for fremtidige periodar. Utsett skattefordel per 31.12.2018 er berekna med bruk av en skattesats på 22 %. Utsett skattefordel per 31.12.2018 knytt til grunnrente er berekna med en skattesats på 37 %. Effekten av endring i skattesats påvirker årets skattekostnad med kr 429 714

	2018	2017
Akkumulert framførbar naturressursskatt	-	9 076 755

Note 7 Noverdi årleg utbetaling fallrettar

Bevegelsar i perioden

Bokført noverdi pr 31.12.2017	86 558 013
Utbetaling i perioden	-6 532 191
Estimatavvik ført over resultatrekneskapen	13 987 837
Renter ført over resultatrekneskapen	4 775 928
Bokført noverdi pr 31.12.2018	98 789 585

Føresetnader

Oppstartstidspunkt	juli 2010
Første år med utbetaling	2011
Antal år med utbetaling	40
Årleg venta produksjonsvolum	247 GWh
Diskonteringsrente	4,75 %
Prisbane : Observerte nominelle prisar, NP pr. 31.12.18 - 2023, deretter prisbane frå analysemiljø.	

Note 8 Eigenkapital

	Aksjekapital	Annen innskutt egenkapital	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 31.12.17	761 296 900		6 682 155	767 979 055
Ikkje registrert kapitalnedsettelse overført til fond og utbetaling	-685 167 210	685 167 210		-
Avsatt utbytte		-62 000 000		-62 000 000
Årsresultat			56 232 379	56 232 379
Eigenkapital 31.12.18	76 129 690	623 167 210	62 914 534	762 211 434

Kapitalnedsettelsen er registrert og endelig gjennomført i Brønnøysundregistrene den 11.02.2019.



Kjøsnesfjorden Kraftverk AS

Kontantstrømoppstilling

	2018	2017
Kontantstrøm fra drifta		
Resultat før skatt	142 924 471	90 786 305
Betalte skattar	-21 232 927	-28 761 070
Estimatavvik fallrettplikter	18 763 765	13 560 185
Avskrivningar	15 826 037	15 880 000
Revers. tidl nedskrivning/nedskrivning anleggsmidlar	-16 574 000	-48 178 000
Sum tilført frå verksemda i perioden	139 707 346	43 287 420
Endring i kunder	-88 734 618	1 365 574
Endring i leverandørgjeld	29 520	31 437
Endring i off. avgifter, skattetr mm	1 709 280	1 343 051
Endring i andre tidsavgrensingsposter	-34 415 790	-3 551 272
Netto kontantstrøm frå drifta	18 295 738	42 476 210
Kontantstrøm frå investeringar		
Investering i finansielle anleggsmidlar	0	0
Investering i varige driftsmidlar	-382 462	-97 574
Netto kontantstrøm frå investeringar	-382 462	-97 574
Kontantstrøm frå finansiering		
Nedbetaling langsiktig gjeld	0	-50 000 000
Netto kontantstrøm frå finansiering	0	-50 000 000
Netto endring i likvide midlar	17 913 276	-7 621 364
Likvide midlar pr. 0101	1 254 818	8 876 182
Likvide midlar pr. 3112	19 168 094	1 254 818



Deloitte.

Deloitte AS
Strandavegen 15
NO-6905 Florø
Norway

Tel: +47 23 27 90 00
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Kjøsnesfjorden Kraftverk AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Kjøsnesfjorden Kraftverk AS sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 56 232 379. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2018, og av resultat og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstjenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar årsmeldinga, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.



Deloitte

side 2
Melding frå uavhengig revisor –
Kjøsnesfjorden Kraftverk AS

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstjenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstjenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstjenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstjenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvissande bilete.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.



Deloitte

side 3
Melding frå uavhengig revisor –
Kjøsnestjorden Kraftverk AS

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapan slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Florø, 14. mars 2019
Deloitte AS

Rune Norstrand Olsen
statsautorisert revisor